



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 18.05.2022 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Til stades: Arild Sporsheim, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Stein Vedvik (for Ingmund) og Anita Øvergård. Bergljot og Magnar møtte ikkje.

Sak 21/22 Rekneskapen for 2021

Arild orienterte og forklarte. Vi har kkje flust med pengar, så det må jobbast jamt for å få inn meir.

Sak 22/22 Ny vaktmester ansatt for begge kyrkjene

Karl Johan Gjævenes starter ca 2. veka i august.

Sak 23/22 Reinhald Ikornnes kyrkje

Det er meininga at det skal vaskast kvar torsdag formiddag. Vedr vindusvask er dette ei meir krevjande oppgåve, så det blir meir på «prosjekt-basis».

Sak 24/22 Flaggstang ved kyrkja

Det er no sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å få sett opp ei felles flaggstang for kyrkja og skulen. Kommuna skal vere ansvarleg for flagginga.

Sak 25/22 Utearealet

Det vert asfaltering av parkeringsplassen samtidig med at nye-vegen blir asfaltert. Beregna kostnad på dette er ca 40.000.-. Vårt ønske om ei rekke med store steinar frå gangvegen og opp mot parkeringsplassen er også ok.

Sak 26/22 Boder inne / ute

Vi må få rydda unna litt, og lage eit system som fungerer betre enn dagens. Kjøpe nokre reoler å sette opp...

Sak 27/22 Oppussing av toaletta

Dette står på investeringsplanen for 2024, her må det litt rokking til. Dette er eit sårt tiltrengt punkt. Sjå på inndelinga av romma, kanskje herretoalettet kan bli HC-toalett / stellerom? Og lage plass til fleire (felles) toalett på dagens dametoalett.

Først må det sjekkast vedr gjennomslag på muren i bakkant – må det lagast ny drenering bak kyrkja?

Finansiering? Må kanskje få laga en «do-konsert»?



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 28/22 **Soknemøtet**

Foreløpig dato må vere 21. august. Då kan vi evt kombinere det med velkomst-gudstenesta til Knut Farstad.

Sak 29/22 **Offergåver 2022.**

Vi avventer til Knut sjølv kan komme med innspel, held foreløpg fram som tidligare bestemt.

Huske til neste møte: Konsert med Jon Reidar's til hausten.

Neste møte: Torsdag 2. juni kl 19.00 og så håper vi at Knut Farstad også har anledning til å møte



Anita Øvergård

skrivar